

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato: 17.08.2009  
 Frå: Konstituert administrerende direktør Helge Bryne  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 16.05.09 - 16.08.09**

**Styresak 075/09 O**

**Styremøte 02.09. 2009**

**Administrerende direktør si orientering pkt 11**

## Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 16.05.09 – 16.08.09

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om endringar i helseregisterlova og helsepersonellova	19.06.09	Med bakgrunn i eit ønske om betre tilrettelegging for samhandling i helsetenesta er det vedteke ny § 6a og ny § 6b om verksemdsovergrepande behandlingstretta helseregister. I tillegg er det kome ny regulering knytt til innsamling av helseopplysingar til sentrale, regional og lokale helseregister. Det er også gjort endringar i helsepersonellova § 45 vedrørende utlevering av og tilgong til journal og journalopplysingar. Lovendingane trer i kraft straks.
Lov om endringar i helsepersonellova mm	19.06.09	Lovending som inneberer ein plikt for helsepersonell å bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørande og plikt for helseinstitusjonar til å ha barneansvarleg personell i nødvendig utstrekning. HOD tar sikte på at loven skal tre i kraft frå 1. januar 2010.
Helseforskningslova	30.06.09	Frå 1. juli 2009 trer helseforskningslova i kraft. Lova skal fremme god og etisk forsvarleg medisinsk og helsefagleg forskning. Lova innfører hovudprinsippet om "ein postkasse", det vil seie at frå nå av skal søknad om førehandsgodkjenning av medisinske og helsefaglege forskingsprosjekt som hovudregel berre sendast til den regionale komiteen for medisinsk og helsefagleg forskning. I tillegg skal mellom anna søknadar om dispensasjon frå teleplikt nå bli sendt den regionale komiteen.

## Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 16.05.09 – 16.08.09

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om endring i Dødsårsaksregisterforskrifta, Kreftregisterforskrifta, Medisinsk fødselsregisterforskrifta, SYSVAK-registerforskrifta, MSIS- og Tuberkuloseforskrifta, Norsk pasientregisterforskrifta og forvaltningslovsforskrifta blei kunngjort 30. juni 2009. Endringane er gjort i samband med den nye helseforskningslova og trer i kraft frå 1. juli 2009.		

**Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 16.05.09 – 16.08.09**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF.	10.06.09	Sjå eiga styresak i styremøte 2. september 2009.
Oppdragsdokument 2009. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av St.prp. nr 67 (2008-2009)	07.07.09	Sjå eiga styresak i styremøte 2. september 2009.